



Arbeidstilsynet
Postboks 4720 Sluppen
7468 TRONDHEIM

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/874 - 18/10844

Saksbehandlar:
Lisbeth Toppe Alvær
lisbeth.alvaer@radoy.kommune.no

Dato:
05.10.2018

Tilbakemelding tilsynsrapport Radøy kommune

Viser til tilbakemeldinga frå Arbeidstilsynet 29.01.18:

«Arbeidsgjevar skal gjennomføre tiltak for å fjerne eller redusere helserisiko forårsaket av kjemikalier og forureining i arbeidsmiljøet på den enkelte arbeidsplass. Verneombud/tilsettere representant skal medverke. For å kunne vurdere om pålegget er oppfylt, ber Arbeidstilsynet om følgjande innan fristen 17.09.18:

- 1) «Dokumentasjon og beskrivelse av hvilke tiltak som er gjennomført for å utbedre forholdene på nåværende brannstasjon. Tiltak må være basert på kartlegging og risikovurdering av kjemisk helsefare, og ta utgangspunkt i tilførende handlingsplan.
- 2) Dokumentasjon som beskriver status og fremdrift for etablering/oppføring av ny brannstasjon, samt forventet tidspunkt for ferdigstillelse.
- 3) Beskrivelse av hvordan bedriftshelsetjenesten har bistått.
- 4) Beskrivelse av hvordan verneombud har medvirket.»

Brannstasjonens nåværende areal vil kanskje sette bergrensninger for om alle tiltak oppført i handlingsplanen i praksis lar seg gjennomføre, men det må sikres at feier og brannmannskap får dusjet etter endt oppdrag».

Utbedring av forhold på noverande brannstasjon, jf. pkt. 1, 3 og 4

Som Arbeidstilsynet viser til i tilbakemeldinga, er det utfordrande å få til fullgod løysing i noverande brannstasjon. Arealet er ikkje stort nok, og det vil vere svært kostnadskrevjande å utføre tiltak som fullt ut tilfredsstillar krava. På denne bakgrunn er det starta arbeid for å få på plass ein ny brannstasjon, og tiltaka som vert sett i verk må sjåast på som midlertidige løysingar.

Følgjande punkt i handlingsplanen er relevant for brannstasjonen:

Ad. pkt. 7) Vurdere innkjøp av reingjeringsmaskin til personleg verneutstyr for røykdykkarane.

Radøy brannvern skal med verknad fom 01.01.19 slås saman med Lindås, Meland og Modalen brann og redning, og Austrheim brannvern til Nordhordland brann og redning. Lindås, Meland og Modalen

brann og redning har i dag hovudbrannstasjon på Alverflaten i Lindås kommune, ca 2 mil unna Manger sentrum.

Brannsjef og verneombod er enige om at ei ordning der Radøy brannvern midlertidig leverer brukt personleg verneutstyr til reingjering hos Lindås, Meland og Modalen brann og redning, er ein tilfredsstillande løysing. Denne løysinga vart også diskutert med bedriftshelsetenesta. Det er etablert godt samarbeid mellom brannverna i regionen. Som ei midlertidig løysing er derfor inngått avtale om bistand om reingjering av utstyr, og det er bestilt ekstra sett verneutstyr til Radøy brannvern, slik at det til ein kvar tid er tilgjengeleg verneutstyr ved stasjonen på Manger.

Ad. pkt.8) Vurdere innkjøp/etablering av ordning for eksosavsug i garasje

Det er sett av midlar i budsjettet for 2018 til mindre, midlertidige tiltak i brannstasjonen. I følgje brannsjef og verneombod, vil endra rutine for start og utkjøring av brannbil, kunne redusere eksosforureininga til eit minimum i stasjonen. Ny etablert rutine er at brannbil skal køyrast direkte ut av garasjen ved oppstart, og motor skal stansast umiddelbart ved parkering i stasjonen. Konklusjonen er at betring av rutinar gjer at det ikkje er vurdert som naudsynt tiltak å etablere ordning for eksosavsug i garasjen.

Ad. pkt 9) Vurdere ombygging av brannstasjonen i rein og urein sone, samt leggje til rette for dusjmuligheter i 1. etasje.

SWECO har som kjent gjort ei vurdering av brannstasjonen, og konkludert med at dagens areal er for lite til å etablere ei fullgod løysing i tråd med krav i lov og forskrift. Kommunestyret har derfor lagt midlar til å bygge ny brannstasjon inn i økonomiplanen for 2019-20, og det førebunde arbeidet har starta.

I tilbakemeldinga frå Arbeidstilsynet heiter det at: *«Brannstasjonens nåværende areal vil kanskje sette begrensninger for om alle tiltak oppført i handlingsplanen i praksis lar seg gjennomføre, men det må sikres at feiar og brannmannskap får dusjet etter endt oppdrag.»*

Utfordringa er derfor korleis arbeidsgjevar kan tilretteleggje for at brannmannskap og feiar får dusja etter oppdraga. Bedriftshelsetenesta SALUTIS og verneombod har vore med i prosessen med å vurdere løysingar, både gjennom å delta på møter og ved synfaringar på stasjonen 23.02.18, jf. vedlegg frå SALUTIS v/ Solgun Ellingsen. Brakkeløysinga er akseptert som midlertidig løysing frå både verneombod og bedriftshelsetenesta SALUTIS.

Den første løysinga som vart vurdert, var å plassere innleigd brakke ved den eksisterande brannstasjonen. Brakka inneholdt garderobe + eige rom med 4 dusjar. Intensjonen var at når brannmannskap hadde vore eksponert for brannrøyk, vart eksponerte klede tatt av og reint tøy tatt på, før mannskap satt seg i bilen. Tilbake på stasjonen skulle mannskap gå via garderobe i brakka, dusje og så vidare inn i stasjonen. Dette var ei løysing bedriftshelsetenesta aksepterte som ei midlertidig løysing for brannmannskap, med atterhald om tilpassing for feiar. Utfordringa med denne løysinga var også at plassering av brakke viste seg å vere krevjande som følgje av avstandskrav til eksisterande bygg.

Som alternativ, er det no bestilt større brakke (totalt ca 100 m²), som ivaretek krava om rein og urein sone på ein betre måte. I denne løysinga kan mannskap og feiar gå inn i garderobe og kle av seg

forureina klede (skitten sone), og dusje og kle seg i rein sone. Dette er den løysinga som arbeidsgjevar forutset skal nyttast, i tilfelle der brannmannskap og feiar har vore eksponert i forureina miljø. Sjå vedlagt skisse.

Brakka vert plassert på kommunal tomt nokre hundre meter unna dagens stasjon. Kommunen avventar svar på søknad til Statens vegvesen om løyve til utvida bruk av avkjørsel på fylkesveg, og søknad om samtykke frå Arbeidstilsynet.

Ad. pkt 10) Framskaffe datablad for relevante kjemikaliar på brannstasjonen

Brannsjef oppdaterar fortløpande datablad for relevante kjemikaliar på brannstasjonen.

Ny brannstasjon, jf. pkt. 4

Formannskapet er orientert, både om tilsynet og tilhøva ved dagens brannstasjon, ref. t.d. gjennomgang i FS 25.01.18 ved kommunalsjef Lisbeth T. Alvær. Midlar til bygging av ny stasjon er lagt inn i økonomiplanen for Radøy kommune 2019/2020. Stasjonen er planlagt på Solendmyra, ikkje langt unna noverande stasjon. Norconsult bistod kommunen i vurdering av lokalisering, jf. notat 08.03.18, og også verneombod var involvert i denne prosessen.

Bygging av ny stasjon krev omregulering av området, og Multiconsult er engasjert for å utarbeide reguleringsplan med planlagt ferdigstilling hausten 2018. NGIR (Nordhordland og Gulen Interkommunale renovasjonsselskap) har tatt kontakt med kommunen for å vurdere evt. samlokalisering med avfallsstasjonen som er lokalisert like ved planlagt stasjon. Det var møte mellom adm. inkl. verneombod og NGIR 04.05.18, og avtalt at NGIR skulle ta kontakt med Asplan Viak for skisseprosjekt. Brannsjef i Nordhordland brann og redning, som trer i kraft frå 01.01.19, er involvert i planlegging av ny brannstasjon.

Prosjektering, anbudsutlysing og oppstart vil etter planen skje i 2019, med ferdigstilling 2019/2020.

Ta gjerne kontakt dersom det er spørsmål til tilbakemeldinga.

Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær
kommunalsjef drift og forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Budsjett 2018 Radøy kommune
Notat_Vurdering tomter for ny brannstasjon Norconsult
Oppdragsstadfesting_Detaljregulering_Manger_sentrum_aust
PROSEDYRE FOR STARTING AV BILER I BRANNSTASJON PÅ
Status Radøy brannvern 2018 alt
Tegninger Dusj løysning brakker Radøy Brannstasjon (2)

Vedlegg:

Vedtak NH brann og redning

Verneombud

VS Brann- og gjenvinningsstasjon

VS Reingjøring av røykdykkerutstyr

Uttale frå SALUTIS ifm midlertid løysing (dusj)

Kart dusjbrakke Solendmyra

Søknad om arbeidstilsynets samtykke Gbnr 48 16 - Radøy Kommune - Midlertidig bygg

VS Bekreftelse på søknad om avkjørsel eller dispensasjon fra byggegrenser

Mottakrar:

Arbeidstilsynet

Postboks 4720 Sluppen

7468

TRONDHEIM

Arbeidstilsynet

Pb 4720

7468

TRONDHEIM